

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 01.02.2007
Sakhandsamar: Åsmund Norheim
Saka gjeld: **Administrasjonen i Helse Vest RHF - organisering og fullmaktstruktur**

Arkivsak

2006/284/011

Styremøte 14.02. 2007

Styresak 014/07 O

Bakgrunn:

Styret har i sak 102/06 B behandla og gjort vedtak om fullmaktstrukturen i Helse Vest RHF. Den saka omfatta fullmaktstrukturen mellom dei leiande organa i det regionale helseføretaket – dvs. mellom føretaksmøtet, styret og dagleg leiar (administrerande direktør). Ein komplett fullmaktstruktur inneheld også oversikt over korleis dagleg leiar har fordelt ansvars- og arbeidsoppgavene og fullmaktene tilknytta dette internt i administrasjonen. Denne saka omhandlar dette.

Tidlegare saker som denne saka byggjer på.

Styresak 21/04 O.

Styret vart her førelagt sak som omhandla funksjonane og oppgavene til administrasjonen i Helse Vest RHF og korleis desse er fordelte i organisasjonen. Dessutan inneheld saka oversikt over fullmaktstrukturen i administrasjonen.

Styresak 53/05 B.

Bakgrunnen for denne saka var krav frå eigar om tydelegare organisatorisk skilje mellom dei to kjernerollene: "Sørge for"-ansvaret og eigarrolla. Gjennom denne saka vart eigaravdelinga oppretta. Saka omhandla også Helse Vest RHF sin representasjon i styra i helseføretaka og i styra i dei nasjonale, RHF-eigde selskapa. Dessutan vart stillingsramma i administrasjonen utvida frå 29 til 33 årsverk.

Styresak 107/05 B.

I denne saka vart det gjort ytterlegare endringar i organiseringa av administrasjonen i Helse Vest RHF. Funksjonane til administrasjonsavdelinga vart fordelte på eigaravdelinga, eit nyoppretta sekretariat og økonomiavdelinga. Dessutan vart stillingsramma ytterlegare utvida til 36 årsverk.

Gjennom dei 2 sistnemnde styresakene er det gjort omfattande endringar i organisasjonen utan at dette er blitt innarbeidd i fullmaktstrukturen. Helse Vest RHF har difor behov for å kunne dokumentere ein oppdatert og tilpassa fullmaktstruktur for administrasjonen.

Kommentarar:

Kompetanseforholdet mellom styret og dagleg leiar m.h.t. fullmaktstrukturen.

Denne saka omhandlar fordelinga av ansvarsområde og tilhøyrande fullmakter internt i administrasjonen. Dette må sjåast på som del av den myndigheit dagleg leiar har i kraft av å utøve den daglege leiinga av verksemda. Det går sjølvstøtt ei grense opp mot meir gjennomgripande organisasjonsendringar som det er naturleg at styret gjer vedtak om. Men ettersom denne saka ikkje inneheld slike endringar, blir den lagt fram for styret som orienteringssak.

Organiseringa av rolla til administrasjonen i Helse Vest RHF.

Dagleg leiar (administrerende direktør) er det operative leddet i det regionale helseføretaket og det utøvande organ for styret. Administrasjonen i Helse Vest RHF har som oppgave å understøtte det ansvar og dei oppgaver som til eikvar tid kviler på administrerende direktør. Fordelinga i administrasjonen av funksjonane og oppgavene og fullmaktene knytta til desse, må difor reflektere det samla biletet av administrerende direktør sitt ansvar og funksjonar. For enklast å gi oversikt over dette biletet, er saka bygd opp med fylgjande vedlegg:

Organisasjonskart for administrasjonen i Helse Vest RHF
Oversikt over funksjonar og sentrale oppgaver til kvar avdeling
Fullmaktene som er gitt leiarane for kvar avdeling (direktørane)

Desse vedlegga vil samla utgjere Helse Vest RHF sin organisasjons- og fullmaktstruktur.

Funksjonen som styremedlem i helseføretaka og andre selskap.

Fleire av direktørane som er tilsette i administrasjonen i Helse Vest RHF har også funksjon som styremedlem i helseføretaka. Dette er ein særleg funksjon som ligg utanfor den ordinære, formelle styringslinja til dagleg leiar.

Det er føretaksmøtet i det enkelte helseføretak som formelt har valt vedkomande som styremedlem. Det same er tilfelle med dei tilsette i Helse Vest RHF som er valt som styremedlem i dei nasjonale selskapa som dei regionale helseføretaka eig saman: Norsk Helsenett a/s, Hinas a/s og Norsk Luftambulanse Ans. Dessutan er Helse Vest RHF representert i styret til sitt heileigde dotterselskap Helse Vest IKT a/s med styreleiar og eitt styremedlem.

Ved utøvinga av sjølve rolla som styremedlem er desse representantane ikkje inne i den formelle linja til administrerende direktør. Dei kan difor i prinsippet ikkje instruerast i enkeltsaker ved utøving av denne rolla. I rolla som styremedlem har dei eit personleg ansvar med bakgrunn i den respektive logjevinga om helseføretak, aksjeselskap og ansvarlege selskap (Ans).

Rolla som styremedlem i helseføretaka og dei andre selskapa som er nevnt ovanfor, er med bakgrunn i det som er nemnt ikkje tatt inn som del av fullmaktstrukturen til administrasjonen i Helse Vest RHF.

Annan avgrensing av saka.

Beskrivinga av fullmaktstrukturen i administrasjonen til Helse Vest RHF avgrensar seg i utgangspunktet til avdelingsnivå. Det vil seie at det er fullmaktene som administrerende direktør har meddelt sine respektive direktørar for avdelingane som her blir omhandla. Men i enkelte av avdelingane har direktøren vidaredelegert enkelte leiarfunksjonar med tilhøyrande fullmakter til medarbeidarar i avdelingen. Det går også fram av vedlagte oversikt over fullmaktene (fullmaktstrukturen) korleis dette nærmare er gjort.

Den øvrige arbeidsfordelinga internt i avdelingane går ikkje fram av dei vedlagde dokumenta.

Grunnen til dette er at den interne arbeidsfordelinga med tilhøyrande oppgaver som det ikkje er knytta formell myndigheit til, ligg utanfor ramma for ein fullmaktstruktur, jfr. punktet nedanfor.

Definisjon av fullmaktsbegrepet.

Oversikten over fullmaktsfordelinga i ein organisasjon bør ikkje omfatta den totale fordelinga av arbeidsoppgaver og ansvarsområde i organisasjonen. Dette endrar seg over tid og kan snart skapa eit uoversiktleg og misvisande bilete. Fullmaktsbegrepet må avgrensast til visse sentrale leiarfunksjonar som det samtidig er knytt ei form for myndigheit til. For Helse Vest RHF sin del er desse funksjonane fylgjande:

- Myndigheit til å forplikte Helse Vest RHF ved avtale ovafor tredjeperson.
- Myndigheit til å attestere og anwise utgifter som blir belasta Helse Vest RHF.
- Myndigheit til å gi uttale til media på vegne av Helse Vest RHF.
- Myndigheit til å utøve arbeidsgivarfunksjonar på vegne av Helse Vest RHF.
- Myndigheit til å etablere prosjekt og etablere regionale, faglege fora.

Med tanke på ein praktisk fullmaktstruktur for administrasjonen i Helse Vest RHF som i rimeleg grad klargjer ansvars- og myndigheitsforholda, er det desse funksjonane som vil vere dei sentrale og gjennomgåande i organisasjonen og som det derfor er behov for å omtale i ein fullmaktstruktur. Korleis ansvars- og oppgåvefordelinga i organisasjonen elles blir fordelt, vil det ikkje vere hensiktsmessig å forhåndsdefinere. Dette bør inngå som del av den daglege leiinga.

Forslag til vedtak:

Styret tek saka om organisering og fullmaktstruktur for administrasjonen i Helse Vest RHF til orientering.